

Innspel til rullering av idrettsplanar og utarbeiding av anleggsstrategi

Til:

Meland kommune: postmottak@meland.kommune.no

Lindås kommune: postmottak@lindaskommune.no

Radøy kommune postmottak@radoy.kommune.no

Den nye Alver kommune får eit landareal på ca. 675 km². I tidligere vurdering av Norges Orienteringsforbund har ca. 100 km² blitt registrert som godt egnet for orientering.

O-gruppene i dei seks idrettslaga som driv med orientering Nordhordland har pr. i dag ingen oppdaterte o-kart. I tillegg til nye kart, der vi har eller har hatt kart, trengs kart innen nye områder som i dag ikkje har o-kart. Dersom orientering skal bli eit reelt tilbod innan alle delar av Alver kommune; - konkurranseorientering, turorientering og skuleorientering må det utarbeidast heilt nye kart. Det er ønske om å dekke eit areal på 69 km² (Lindås - 39 km², Meland - 14 km² og Radøy - 16 km²) Alle nye kart kan leggjast til attraktive turområder som er kan nyttast av både turorientering og konkurranseorientering. Nesten alle kartområda er like ved, eller i nærleiken av skular. Alle kartområda vil ha gode lokalitar for samlingsplass og parkering som ofte trengs i samband med o-løp.

Anlegg standard

Om ein samanliknar o-kartene i Nordhordland med anleggs standard for fotball driv orientering framleis på kart tilsvarande dårleg grusbane. Kart som blei utarbeidd for 15-20 år sidan er ikkje lenger representative. I dag blir alt terreng «laserscanna» før utarbeiding av kart slik at ein får nøyaktige høgdekurver og klare, tydelege og nøyaktige vegetasjonsgrenser og alle andre viktige detaljar som skal vera med på eit o-kart. Heile landarealet i Norge blir i dag laserscanna. Dette er klart til bruk i Alver kommune. NOF (Norges orienteringsforbund) og o-klubbane har etter avtale gratis tilgjenge til kartbasene for utarbeid av nye o-kart.

Kostnad:

Utarbeiding av o-kart er svært rimeleg om ein samanliknar med investeringskostnader til andre idrettsanlegg. 69 km² o-kart i Alver kommune kan utarbeidast for om lag 2,7 mill. kr. inkl. moms. Av dette kan vil ein få refundert om lag 1,2 mill kr. i statlege spelemidlar pluss ein del i moms; 5-7%.

Finansieringsplan:

Vi tenkjer oss fylgjande kostnadfordeling: Statlege spelemildar 30 – 50%, (1,2 mill kr) Idettslaga (50 000 kr x 6) : Altså kvart av dei seks idrettslaga går inn med 50.000kr, tilsaman 300.000kr. Alver kommune 1,200 000 kr.

Sidan alle karta óg kan brukast i skulesamanheng kan ein rekna orienteringskarta som del av skulane sitt anlegg for idrettsleg aktivitet. Skulane kan etter avtale då gjere bruk av det kartmaterialet dei treng.

Vi ber om at vårt framlegg blir satt på prioritert liste for anlegg i Alver kommune ved samordning /rullering av anleggsplanane. Idrettslaga som driv orientering kan i samarbeid med kvarandre og med Alver kommune utarbeide detaljplanane. Vi ser for oss at investeringen i nye kart kan fordelast over ein periode på fleire år.

Med venleg helsing

O-gruppene i idrettslag i Nordhordland

Kontaktperson:

Øivind Eikefet

Regionskontakt Nordhordland, Hordaland Orienteringskrets